

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **5. juni 2025** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Otto Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – kl. 11.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Otto Underbakke (H), Ragnhild Sukka (V), Astrid Brommeland (Sp), Michael Willig (SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Annfrid Halsne (Sp)
FORFALL:	Ivar Andre Naustvik (Krf)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Sjur Hatlen – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Senior forvaltningsrevisor Linn Christin Bakken deltok på Teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Siri Halvorsen, kommunalsjef oppvekst Svein C. Nilsen Gjil, samhandlings- og velferdsteknologi- koordinator Lisbeth Gjøse, rådgiver helse og velferd Elin Mikkelsen Bakka, og rådgiver oppvekst Magnus Skjefstad til og med sak 13
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 08.05.25

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 08.05.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 05.06.25:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.06.25:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.05.25 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/25 ORIENTERING OM OPPVEKST - FRÅ KOMMUNALSJEFEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunalsjef for oppvekst Svein Carlos Nilsen Gjil til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.06.25:

Kommunalsjef Svein Carlos Nilsen Gjil heldt ein presentasjon og orienterte om resultatområdet oppvekst, som omfattar 13 einingar og om lag 200 tilsette. Han informerte mellom anna om det omfattande lovverket sektoren arbeider etter, og gjekk gjennom sentrale tema som sektormål for barnehage og skule, betydinga av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og modellen «laget rundt barnet». Vidare nemnde han BTI-rettleiar (Betre tverrfagleg innsats), plikta til samarbeid på tvers av sektorar og utfordringa med å rekruttere tilsette med rett kompetanse. Det vart og peika på kommunen sitt system for kvalitetsutvikling og satsinga på vidareutdanning for tilsette i både barnehage og skule.

Utfordringane framover er mellom anna korleis handtere auken av elevar med skulevegring, utviklinga frå 2025 med færre barn og unge, og fleire eldre, aukande behov for tilsette med rett kompetanse og mangel på vikarar. I oppvekst er det for landet generelt 94 prosent av dei tilsette som har rett kompetanse, i Suldal er talet 74 prosent og utfordringane er større på ungdomskulen enn på lågare trinn.

Medlemmene fekk svar på spørsmål mellom anna om tilsetting, kompetanse og om det er tenkt på å få inn anna kompetanse for å redusere skulevegring hos elevane.

Leiar takka for ei interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.06.25:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunalsjef for oppvekst Svein Carlos Nilsen Gjil til orientering.

SAK 13/25 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 05.06.25:

Koordinator Lisebeth Gjose orienterte om korleis det hadde vore arbeida med tilrådingane i rapporten. Ho informerte særskilt om BTI arbeidet, oppretting av team, utfordring med å drøfta enkeltsaker og omsynet til anonymitet i ein liten kommune.

Vidare orienterte Magnus Skjefstad om nytt krav til kommunane om å ha barnekoordinator. Kommunen har fått midlar til ei 20 prosent stilling, men har valt å tilsette ein person i 80 prosent stilling. Han informerte og om at han er rundt på dei ulike eininga og rettleier dei tilsette i bruk av dei ulike verktya som eksempelvis «stafettlogg».

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå kommunaldirektøren.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.06.25 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar kommunedirektøren sin tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.

SAK 14/25 TINGING AV NYTT REVISJONSPROSJEKT - NÆRINGSUTVIKLING

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Næringsutvikling» i samsvar prosjektmandatet dagsett 23.05.25 (med dei endringane som kjem fram i møtet.)

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 350 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 05.06.25:

Leiar innleia om saka. Forvaltningsrevisor gjekk gjennom mandatet, bakgrunn for prosjektet og problemstillinga. Revisor legg opp til oppstart av prosjektet hausten 2025, med levering av rapporten våren 2026.

Revisor svara på spørsmål frå medlemmene. Utvalet drøfta framlegget til problemstilling, og blei samd om at revisor sitt framlegg var dekkande.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.06.25:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Næringsutvikling» i samsvar prosjektmandatet dagsett 23.05.25.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 350 timar.

SAK 15/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.06.25:

10. Statusrapport pr. juni 2025
11. Tertialrapport pr. 30.04.25 frå Rogaland Revisjon
12. Representantskapsmøte 19.06.25 – IKA Rogaland IKS
13. Representantskapsmøte 20.05.25 – Krisesenter Vest IKS
14. Invitasjon til dagskonferanse i Sandnes 14.10.25

Handsaming i kontrollutvalet 05.06.25:

Sekretær gjekk gjennom referatsakene. Dei av medlemmene som ønsker å være med på dagskonferansen i Sandnes i oktober melder frå til sekretær.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 05.06.25:

Suldal kontrollutval tek referat- og orienteringssakene 10 – 14 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: torsdag 18.09.25, kl. 10.00

Saker: orientering frå personal og organisasjonssjef, utvalet sitt budsjett for 2026, orientering om revisjonsstrategi og revisor sin egenerklæring.

Sand/Aksdal, 05.06.25

Otto Underbakke
Leiar

Sjur Hatlen
Kontrollutvalssekretær